

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
044/18	Fellesnemnd	PS	04.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1379

## Delegering av mynde i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

### Vedlegg :

Fristar val

### Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Delegering av mynde frå fellesnemnda til valstyret, samt nytt punkt 1.17 Valstyre i reglement for fellesnemnd Alver kommune, vert vedteke som det ligg føre i saka.

.....

### Fellesnemnd - 044/18

#### FN - behandling:

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FN - vedtak:

Delegering av mynde frå fellesnemnda til valstyret, samt nytt punkt 1.17 Valstyre i reglement for fellesnemnd Alver kommune, vert vedteke som det ligg føre i saka.

#### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

#### Bakgrunn

Fellesnemnda vedtok «Reglement fellesnemnd, PSU og andre politiske utval under fellesnemnda» i sak 22/17, valnemnda vart lagt inn som endring av fellesnemnda i sak 03/18 . Fellesnemnda valde valstyret i sak 27/18, det vert no lagt fram sak om nytt punkt 1.17

Valstyre, i reglement for fellesnemnd Alver kommune.

**Spesielt for valstyret gjeld:**

Valstyret er oppretta etter forskrift for gjennomføring av val til kommunestyra i 2019, gjeldande for kommuner som er omfatta av grensdringar 01.01.2020.

Valstyret har det overordna ansvar for tilrettelegging og gjennomføring av kommunestyreval.

Valstyret oppgåver og ansvar:

- Legg ut manntal til offentleg ettersyn
- Føringer og rettingar i manntal
- Godkjenning av listeframlegg til kommunestyreval
- Legg ut listeframlegg til offentleg ettersyn
- Trykking av røystesetlar til kommunevalet
- Vedtek valkrinsane i kommunen
- Vedtek tid og stad for førehandsrøysting og valting
- Vel røystestyre ved den enkelte stad
- Prøving og godkjenning av røyser
- Valoppgjer og fordeling av representantar til kandidatane på lista
- Handsama klager på valgjenninga

Valstyret gjer innstilling til fellesnemnda i følgjande saker:

- Fastsetjing av valdag/er
- Godkjenning av kommunestyrevalet

Valstyret kan, i saker som ikkje er av prinsipiell karakter, delegere mynde til programansvarleg.

Programansvarleg får mynde til å gjera vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

.....